

## Årsmelding fra FAU 2017/18

FAU var første gong samla den 23.08.17, dei konstituerte seg på følgjande måte:

Leiar: Ingrid Hindenes

Nestleiar: Robert Hindenes

Kasserar: Ramona Fjellanger (vara)

Skrivar: Bente Kjøpstad

Medlem: Ann Kristin Bjørsvik

Medlem: Silje Dale

Medlem: Linda Rød

1&2 klasse er representert saman da dei er små klassar.

FAU har hatt 6 styremøter dette skuleåret.

Leiar i FAU har i tillegg deltatt i kommunalt FAU som nestleiar.

Gjennom året har leiar i FAU og rektor vore på fleire møter og synfaringar vedrørande ny fellesskule for Kløvheim og Eikanger. Tema har vore å finna ein eigna felles tomt. Det viste seg å bli for krevjande og den 26.04.18 vedtok kommunestyret å oppretthalda Kløvheim skule. Dette har vore ein svært krevjande prosess å stå i og det er derfor godt at saka har landa.

Den 15.11.18 blei det gjennomført samarbeids møte (SU). Her vart skuleruta gjennomgått i høve at den var på høyring.

Den 04.04.18 møtte leiar og Ramona Fjellanger til kvalitetssamtale. Dette er kommunen sitt tiltak for å følgja kvalitetsutviklinga på skulane. Med på samtalen var kommunalsjef Kristin Moe og einingsleiar Ragna Midtbø, rektor Turid Tvedt, representant for ansatte Eli Fyllingsnes, elevrepresentantane Odd Anfinn Kleiven og Marius Kleiven Mjelde. Samtalen tok utgangspunkt i elevundersøkinga og hadde som tema: Læringsmiljø/skulemiljø og mobbing, samt vurdering og klasseleiing.

FAU har hatt følgjande arrangement dette året:

Solidaritetscafe, den 18.10.17 vart det arrangert solidaritetscafe til inntekt for TV-aksjonen. Me valde å lage ein kombinert spele- og solidaritetskveld. Elevane samla

inn 15 295, dette var inkludert pengane som kom inn på løpeaksjonen som skulen arrangerte. Med desse to arrangementa vart Kløvheim skule den nest største bidragsytaren til TV-aksjonen i Lindås kommune. Dette kan me alle være stolte over.

Bli-kjent kveld, 7.klasse arrangerte den 25.10.17 bli kjent kveld for 7.klassane ved Kløvheim, Ostereidet, Eikanger og Leknes skule. Det vart ein kjekk kveld, med leikar og mat. Det møtte ca. 60 barn og foreldre. Målet var å komme tidleg i gang slik at ikkje kveldane skulle komme nære kvarandre seint i skuleåret. anbefaler neste års 7. klasse å komme tidleg i gang.

Julefest, 18.12.17 arrangerte FAU, godt hjulpet av rektor og dei andre ansatte julefest på skulen. Det var eit fint arrangement, med full gymsal. Også i år fekk dei nye 1.klassingane innbyding og nesten alle kom å var med.

Dugnad, 01.05.18 arrangerte FAU saman med bygdelaget dugand på skulen. Det vart kosta av asfalt, vaska, klipt greiner mm. På grunn av værforholda fekk me ikkje beisa ballbingen denne dagen. Det vart oppfordra via FB-gruppa og sms to ekstra dugnadsdagar for å få beisa, det møtte nokre få foreldre, men 1 strøk vart ferdig før 17.mai. Ballbingen treng ytterligare 1 strøk. Det er eit problem av svært få foreldre møter til dugnad, da nokre få foreldre må bruka svært mykje tid.

7. klasse har hatt ein bakekveld på skulekjøkkenet, der dei bakte pizzasnurrer som dei fekk selja på skulen. Pengane frå slaget samt pengepremie dei vandt frå avisa Nordhordland blei brukt til ein koseleg klassesetur til Bergen. Dei besøkte trampolinepark og spiste på Peppes Pizza.

Det vart ikkje arrangert temakveld på skulen, kommunen arrangerte ein temakveld 07.05.18 om mobbing. Kommunalt FAU vil ha nye temakvelder på programmet også til hausten.

FAU 2017/18 takker med dette for seg og ønskjer neste års FAU lykke til med arbeidet.

Kløvheim 13.06.18

Ingrid Hindenes

-Leiar-